

TORE MALVIN NATÅS  
 SÆVRÅSVEGEN 301  
 5957 MYKING

## Svar - Avkørysle - Fv. 5462 Sævråsvegen - Gnr 43 bnr 5 - Alver kommune

### Vi viser til søknad av 14.11.2021. **Saka gjeld**

Saka gjeld søknad om avkørysle i samband med frådeling av eksisterande bustadhús på gnr 43 bnr 5 i Alver kommune.

### Vedtak

Med heimel i veglova § 40 og § 43 gir vi løyve til endra bruk av avkørysle frå fylkesveg 5462 til den frådelte parsell av gnr. 43 bnr. 5 i Alver kommune.

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørslar fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

### Vilkår for løyvet

1. Avkørysla skal vera plassert i samsvar med situasjonsplan, datert 10.10.2021. I tillegg skal ein følgje krava som er vist i vedlagte *Prinsippskisse*.
2. Løyvet gjeld bustadhús.
3. Det må vere opparbeidd snuplass på eigen grunn, slik at det ikkje blir nødvendig å snu på offentleg veg.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkørysle, frisiktsone og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
5. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, om ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkørysla har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkørysle* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Vestland fylkeskommune trekkje tilbake løyvet

### Bakgrunnen for vedtaket

Vestland fylkeskommune skal i vurderinga legge vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkørysle frå.

Det er søkt om frådeling av eksisterande bustadhus. Eigedomen har fleire påståande bustadhus og framstår som ein landbrukseigedom. Det vert ikkje vesentleg endra bruk av avkøyrsla.

Vi minner på at eigar og brukar til ein kvar til har plikt på å sørge for at avkøyrsla er i forsvarleg stand, under dette at minimumskrav til sikt er oppfyllt.

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova § 18.

Med helsing

Hege Løtvæit  
leder


Tone Bøyum  
senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Vedlegg: Prinsippskisse

## Krav til utforming av avkjørysle


### PRINSIPPSKISSE



Tilsvarande sikt lengder som vist på teikninga må gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av omsyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

### Krav til svingradius for avkjørysle :



### Krav til lengdeprofil for avkjørsle/tilkomstveg:

